



OS IDRETTSPARK

ARENA FOR IDRETT, BAD OG HELSE

STRATEGIPLAN

2023 – 2027

INNLEDNING

Styret starta arbeidet med ny strategi på strategisamling 18.06.22. Arbeidet vart vidareført på styremøte 17.10.22, og vart vedteke på styremøte 05.12.22.

UTDRAG FRÅ EIGARSTYRINGSdokument


Bjørnafjorden kommune har etablert føretaket Os idrettspark Bjørnafjorden KF. Det overordna formålet med etableringa skal ivareta fleire sider ved verksemda:

- Os idrettspark Bjørnafjorden KF skal drive kommunen sine idrettsanlegg på Kuventræ, Osbadet og Os idrettshallar, med tilhøyrande uteanlegg.
- Os idrettspark Bjørnafjorden KF skal sikre overskot i drifta. Slikt overskot vert verande i selskapet og skal disponerast på ein måte som styrkjer framtidig drift. Ved evt. likvidasjon skal formuen nyttast i samsvar med føremålet.

Os Idrettspark Bjørnafjorden KF skal ha god dialog med kommunen for å sikre at føretaket kan gje best mogleg tilbod innan symjeopplæring for skuleborna i kommunen. Føretaket skal utover dette optimalisere tilbodet til publikum generelt når det gjeld symjeopplæring, trening og opplevingar knytt til aktivitetar ved idrettsanlegga på Kuventræ, Osbadet og Os idrettshallar, med tilhøyrande uteanlegg.

Bjørnafjorden kommune føreset at styret og leiinga utviklar forretningsmessige mål og strategiar for verksemda som er i samsvar med kommunestyret sine overordna mål, jfr. punkta ovanfor.

SELSKAPSSTRUKTUR



VISJON, VERDIER OG MISJON

Visjon – kva skal vi strekkja oss etter ?

Os idrettspark skal vera kommunen sin mest attraktive arena innan bad, idrett, trening og folkehelse!

*Visjonen uttrykkjer ein ambisjon om at Os idrettspark skal vera ei **inspirasjonskjelde** som er **helsebringande, sosial** og gje **meistringskjensle**, slik at vi står fram som ein **pådrivar** overfor brukarane våre. Dette gjeld så vel publikum som utøvarar, både amatørar og profesjonelle.*

Verdiar – korleis skal vi oppfattast ?

Os idrettspark skal uttrykkja fylgjande verdiar:

- ✓ Det sikraste
- ✓ Det reinaste
- ✓ Det hyggjelegaste
- ✓ Det mest attraktive idrettsanlegget
- ✓ Det mest inkluderande idrettsanlegget

Stikkorda skildrar dei verdiane vi skal ha med oss når vi vel retningar.

Misjon – kvifor er vi her ?

- ✓ Kommunen sitt vassbaserte tilbod for å utvikle tidleg symjeutvikling for born
- ✓ Kommunen sine sentralidrettsanlegg for idrettsoppleving
- ✓ Os idrettspark skal vera eit bidrag til ei langsiktig investering i folkehelse
- ✓ Os idrettspark skal leggja til rette for idrettslag og helsegrupper og fremja desse gruppene

Det er brukarane si totaloppleving som byggjer omdømet og merkevara vår.

DAGENS AKTIVITET

Os idrettspark Bjørnafjorden KF tilbyr:

- Opplæringstilbod for skulane våre.
- Aktivitetstilbod til familiar og einskildpersonar.
- Helsetreningstilbod for dei som slit med helsa.
- Idrettstilbod for symjing, friidrett, fotball, turn, handball, basketball, volleyball, kampsport, cheerleading og klatring i klatrevegg.
- Kurs i symjing i ulike symjeartar, tilbod til alle frå spedbarn til vaksne.
- Møte- og forsamlingslokale, ein sosial samlingsstad.

OSBADET

- ✓ Pådrivar til god symjeundervisning for skuleborn i Os.
- ✓ Kurstilbod for opplæring i basseng for både spedbarn, born/ungdom, vaksne og pensjonistar.
- ✓ Aktivitetar som til dømes nattbading for ungdom i samanheng med andre aktivitetar på huset (for eksempel cupar).

OS IDRETTSHALLAR

- ✓ Kroppsøving
- ✓ Utleige til Os vidaregåande skule - kroppsøving
- ✓ Trening for lag og organisasjonar
- ✓ Kampsport
- ✓ Klatrevegg
- ✓ Kamparena
- ✓ Stemner og graderingar innan kampsport

FJORDEN ARENA

- ✓ Kroppsøving
- ✓ Trening for lag og organisasjonar
- ✓ Arena for handball og volleyballkampar
- ✓ Stemner og graderingar innan kampsport
- ✓ Klatrerom
- ✓ Styrkerom
- ✓ Dansesal
- ✓ Utleige til senioruniversitet og pensjonistlag
- ✓ Open hall for ungdom

OS IDRETTSPARK UTE

Drift og vedlikehald av

- ✓ Kunstgrasbane
- ✓ Friidrettsbane
- ✓ Kastfelt
- ✓ Friidrettsstemner
- ✓ Fotballkampar og cuper

SAMARBEID, SAL OG UMLEIGE

- ✓ Skular – sal av instruktørtimar ved behov
- ✓ Barnehagar – sal av tid i basseng
- ✓ Utleige av basseng til LHL, Revmatikerlag, fysiogrupper
- ✓ Utleige til feiring av barnebursdag og konfirmasjonar

STRATEGISKE MÅL I STRATEGIPERIODEN

- Osbadet
 - planlegging av nytt opplæringsbasseng
 - auka kapasitetsutnytting
 - samarbeid med næringslivet
- Os idrettshallar
 - auka aktivitet på dagtid
 - nye/alternative aktivitetar
- Fjorden arena

- skape gode samarbeid og rutinar med brukarane
 - bidra til auka bruk for betre folkehelse
 - auka kommersiell aktivitet
 - sjå på moglegheita til å overta drift av kommunalt badeanlegg, fordeler og ulemper
- Os idrettspark ute
- kun nødvendig drift og vedlikehald i påvente av utbetring av anlegget
 - vurdere moglegheita for å utvida parkeringstilhøva
- Samarbeid, sal og utleige
- utvida samarbeid/sal til skular og barnehagar
 - utvida samarbeid/sal til idrettslag
 - utvikla samarbeid med kommersielle aktørar
 - utvikla samarbeid med andre badeanlegg
 - utvikla samarbeid med andre kommunale einingar

Dei ulike punkta over skal konkretiserast i ein handlingsplan.

Handlingsplanen skal innarbeidast i driftsbudsjett og budsjett for investering/fornyng.

Plan for kompetanseheving skal utarbeidast ved behov.

BEREKRAFT

Berekraft er eit ord som i dag vanlegvis betyr at noko passer med idealet om berekraftig utvikling. Ei berekraftig utvikling vil seie ei utvikling som tilfredsstiller behova til menneska som lever no, uten å øydeleggja framtidige generasjonar sine mogelegheiter til å tilfredsstilla sine behov.

For å skapa berekraftig utvikling må verda jobba på tre områder:

1. Klima og miljø
2. Økonomi
3. Sosiale forhold

Dette blir ofte kalt dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling. Det er samanhengen mellom desse tre dimensjonane som avgjør om noko er berekraftig.



For å konkretisera vårt arbeid med berekraft, har vi valgt ut nokre av FNs Berekraftsmål som vi vil ha spesielt fokus på i komande strategiperiode:



God helse

Sikra god helse og fremja livskvalitet for alle, uansett alder

- Tilrettelegging for ulike helsegrupper
- Ulike aktiviteter og kurs for folk i alle aldre
- Tilrettelegging for trening og sosiale treff for seniorer



Likestilling mellom kjønnene

Oppnå likestilling og styrke jenters og kvinners stilling i samfunnet

- Kvinner og menn skal gis like møgelegheiter for å gjera karriere i virksomheten
- Vi skal etterstrebe balanse mellom kjønnene blant dei tilsette og i styret



Ansvarlig forbruk og produksjon

Sikre berekraftig forbruks- og produksjonsmønstre

- Os idrettspark er miljøfyrtårnsertifisert
- Fokus på energioptimalisering
- Vurdera alternativ til bruk av kjemikalier

ORGANISASJON, PERSONALE, OMDØME

✓ Os idrettspark skal vera ein trygg og attraktiv arbeidsplass med kvalifiserte tilsette.

➔ Kvalitetsmanual – HMS, som inneheld fylgjande:

- Internkontrollsystem- HMS
- Brannvern
- Prosedyrar og instruksar
- IK- mat
- Innkjøpsrutinar-Miljøfyrtårn

➔ Opplæring, med spesielt fokus på:

- Sikkerheit
 - Service
 - Reinhold
- ➔ Avvikssystem (digitalt), tilgjengeleg for alle tilsette via telefon (Tidsbanken)
- Delt inn 7 område, kvart område har direkte link til anvarsperson for området
- ✓ Os idrettspark Bjørnafjorden KF legg Bjørnafjorden kommune sine Etske retningslinjer til grunn for drifta av verksemda.